

## Fjaler sokneråd (Fjaler kyrkjelege fellesråd) eitt-sokn

### Forslag til endringar i «Føreskrifta til gravferdslova» - Høyring

**HØYRINGSSVAR**

30.10.2012 Sak Fs 44/12 Fr

#### Vurderingane og forslaga i høyningsnotatet.

Soknerådet støttar i hovudsak departementet sine vurderingar og departementet sine framlegg til endringar i høyningsnotatet.

Vi har likevel eit par merknadar.

Når det gjeld kravet til kiste (pkt 11.2) så må det framleis stå at «Kiste skal tåle belastningen ved normal gjenfylling av grav.» Kista må vere av slik kvalitet og monterast slik at den tåler forsiktig gjenfylling av grav med maskin. Den øvste plata på lokket må vere stifta frå oversida og ned, og ikkje slik at den øvste plata ligg under ein fals og er stifta frå undersida og opp. Den siste konstruksjonen er uheldig.

Anonym og navnet minnelund pkt 9:

«*Plassering av grav på navnet minnelund kan gjøres kjent.*»

Vi tykkjer det er uheldig at plasseringa skal kunne gjerast kjend. Dette trass i at det kan leggjast til rette for at t.d. ektefolk skal kunne gravleggast ved sida av kvarandre.

Det kan bli ei utfordring å skulle stille på gravfeltet med kart og måleband, og det kan også bli diskusjon dersom pårørande hugsar feil og meiner bestemt at - nei det var no ikkje her.

Det kan også bli slik at når pårørande er heime på ferie, ønskjer dei å plassere blomar akkurat på den grava – oppå bakken - sjølv om det ikkje er plantefelt. Dette vil hindre vanleg vedlikehald – slått.

#### Er det andre underliggende organ eller andre organisasjonar enn dei på høyingslista som burde vore førelagt denne høyringssaka.

Soknerådet tykkjer dei relevante høyingsinstansane er nemnde ,og har ikkje framlegg til andre underliggjande organ eller andre organisasjonar.

#### Bør det kunne dispenserast frå kravet om kiste ved gravlegging (3.3)

Det bør ikkje kunne dispenserast frå kravet om kiste ved gravlegging. Kravet om kiste ved gravlegging og kremasjon bør framleis stå i føreskrifta.

Det vil vere svært uheldig om vi som lokal gravferdsforvaltar skal bli tillagt mynde å kunne dispensere frå kravet om kiste ved gravlegging.

Det vil også vere uaktuelt at pårørande sjølve skal fylle att grava – både av omsyn til tryggleik og reint praktisk. Ved opning og lukking av grav må det ofte brukast stemplingsutstyr på grunn av «rasing» av jordmassar inn i grava. For å fjerne stemplingane må det nyttast gravemaskin.

#### Den mest hensiktsmessige tolkinga av uttrykket «virkedager» i gravferdslova. Bør det vere felles praksis over heile landet? Bør det stå i føreskriftene kva som gjeld? (8)

Laurdag må vere virkedag uavhengig av lokal praksis om gravferd den dagen. Omgrepene «virkedagar» må vere likt over heile landet – og det må stå i gravferdsføreskrifta at det berre er søndag som ikkje er virkedag.

Tida frå dødsfall til gravlegging og kremasjon er utvida frå 8 til 10 virkedagar. Det er ønskjeleg at laurdag vert telt med som virkedag slik at det ikkje går for lang tid frå dødsfallet til gravferdsdagen.

Rett utskrift

  
Irene Fløde  
Kyrkjeverje